



# ÅRSMELDING BERGEN TINGRETT 2018

**KOMMUNAR:**

- Gulen
- Fedje
- Fjell
- Austrheim
- Masfjorden
- Modalen
- Lindås
- Radøy
- Meland
- Askøy
- Øygarden
- Sund
- Osterøy
- Vaksdal
- Voss
- Austevoll
- Os
- Fusa
- Samnanger
- Bergen

**IDÉ- OG VERDIGRUNNLAGET TIL DOMSTOLANE**

*Domstolane skal vere uavhengige. Dei skal sikre og fremje rettstryggleiken og verne om rettssamfunnet. Domstolane skal ha høg tillit i samfunnet.*

Domssoknet til Bergen tingrett omfattar 20 kommunar: Gulen, Fedje, Fjell, Austrheim, Masfjorden, Modalen, Lindås, Radøy, Meland, Askøy, Øygarden, Sund, Osterøy, Vaksdal, Voss, Austevoll, Os, Fusa, Samnanger og Bergen, med over 450 000 innbyggjarar til saman.

**Domstolane i Noreg**

Grunnlova byggjer på maktfordelingsprinsippet og deler statsmakta mellom den lovgjevande (Stortinget), den utøvande (regjeringa) og den dømmande makta (domstolane).

Noreg har eit system med domstolar på tre nivå: 63 tingrettar og Oslo byfogdebete i første instans, seks lagmannsrettar i andre instans og Högsterett på toppen. Högsterett held til i Oslo. Landet er delt i seks lagdøme. Lagmannsrettane handsamar anker over avgjelder frå tingretten. Bergen tingrett er den største fullfaglege tingretten i landet og soknar til Gulating lagmannsrett.

Domstoladministrasjonen (DA) held til i Trondheim og er den sentrale administrasjonen av domstolane. I tillegg til å samordne og styre i administrative spørsmål, er DA òg eit serviceorgan for domstolane. DA kan ikkje instruere eller påverke domstolane i den dømmande verksemda.

**Oppgåvene til domstolane**

Domstolane avgjer konkrete rettstvistar som kjem inn til retten. Domstolane tek ikkje opp saker på eige initiativ. Berre i særskilde tilfelle har retten høve til å avvise ei sak.

Bergen tingrett handsamar straffesaker, sivile tvistar, skjønn, offentleg skifte (dødsbu, fellesige og konkurs) og tvangsføring. I tillegg registerer tingretten dødsfall og skriv ut skifteattestar og notarialforretningar.

**Rettsforhandlingar i Bergen tingrett**

På heimesida til Bergen tingrett (<https://www.domstol.no/bergen>) finn du informasjon om kva saker som skal handsamast, kva sakene gjeld og tidspunkt for rettsforhandlingane. Dei fleste forhandlingane er munnlege og offentlege, det vil sei at dei er opne for publikum.

Arne Henriksen  
sorenskrivar



## STADIG I ENDRING!

*Bergen tingrett og Nordhordland tingrett blei slått saman til ein ny tingrett den 1. januar 2017. Arbeidet med å skape ein ny organisasjon med felles tilhørsle og like rutinar har gått føre seg sidan, også gjennom store delar av 2018.*

Enno er vi ikkje heilt i mål med å skape den nye organisasjonen. Parallelt med dette skjer det viktige endringar i måten vi behandler sakene på, ved at ein stadig større del av sakene blir behandla digitalt. Overgangen til digital behandling av sakene er krevjande for både dommarar og saksbehandlarar. Tryggleiken ved å sjå saksmappa i hylla – og fysisk kunne ta i dokumenta – er vekke. Dei digitale saksmappene er komne for å bli, og gjennom 2018 har vi hatt kontinuerleg merksemeld på opplæring i dei nye systema for dokumentbehandling. Vi blir stadig betre, og stadig fleire opplever at dette alt i alt er ein meir effektiv og trygg måte å behandle sakene på.

## Ein effektiv og tilpassa organisasjonsstruktur?

I skrivande stund er vi i gang med å gjennomføre ei evaluering av organisasjonsstrukturen som blei lagt ved samanslåinga. Alle medarbeidarane har fått tilbod om å svare på eit spørjeskjema, og ein førebels gjennomgang syner at det har kome mange gode innspel. Organisasjonsstrukturen må også vere tilpassa den nye måten å behandle sakene på, og vi vil bruke første halvdel av 2019 til å vurdere eventuelle endringar og justeringar i organisasjonen.

## Eige prosjekt for avvikling av straffesaker

Avviklinga av straffesaker har vore krevjande også i 2018.

Saksbehandlingstida er alt for lang – og klart over det målet Stortinget har sett. I tillegg varsla påtalemakta på ettersommaren at dei var i gang med eit prosjekt for å få ned talet på eigne restansar som ville føre til om lag 400 ekstra meddomsrettsaker til oss. Vi tok omgåande grep og gjennomførte eit eige prosjekt som fekk rydda plass i første halvår av 2019 for behandling av desse sakene. Dersom vi hadde behandla sakene allereie hausten 2018, ville det vore naudsynt å utsette ei rekke sivile saker som allereie var tidfesta, og av omsyn til partane i desse sakene valde vi å ikkje gjøre dette.

## Kontinuerleg forbeting

Mot slutten av 2018 har vi innleidd eit samarbeid med påtalemakta der vi mellom anna ser på arbeidsmåten for tillysing av hovudforhandlingane i straffesaker. Målet er å komme fram til meir effektive rutinar på også dette området. I tillegg har tingretten etablert eit kompetanseutval som skal arbeide systematisk med å utvikle og gjennomføre kompetansetiltak for alle medarbeidarane i tingretten.

I heile organisasjonen arbeider vi kontinuerleg med å forbrette og effektivisere måten vi behandler sakene på. Samstundes er vi opptekne av at dette ikkje skal gå ut over kvaliteten på arbeidet vårt og rettstryggleiken til publikum. Bergen tingrett har dyktige og engasjerte medarbeidarar som kvar dag gjer sitt beste for at publikum skal få riktige og forståelege avgjersler til rett tid. Det vil vi halde fram med i 2019.

Arne Henriksen  
sorenskrivar



*Avdelingsdommar Kjetil Myhrvold  
leiar delprosjektet Digitale  
arbeidsmåtar i det nasjonale  
prosjektet Digitale domstolar.*

## PAPIR ER IKKJE LENGER EIT LOVLEG VAL

*Frå 15. september 2018 er det obligatorisk for advokatar og advokatfullmektigar å nytte Aktørportalen i alle sivile tvistesaker. Prosessfullmektigane kan difor ikkje lenger velje om dei vil sende inn stemningar, tilsvare eller prosesskriv i posten.*

Sjølv om Bergen tingrett har vore på Aktørportalen heilt sidan 7. februar 2017, har det fram til september 2018 vore valfritt for advokatane om ein ville bruke elektronisk innsending via portalen – eller gamaldags og treigare papirpost.

Bergen tingrett har heilt frå starten likevel lova at alle som valde å nytte elektronisk innsending skulle få full digital tilgang til alle dokumenta i saka, sjølv om motparten valde å sende inn på papir. Dette har laga mykje ekstraarbeid for tingretten, med skanning og etterarbeid av prosesskriva. No må advokatane sjølve gjere denne jobben.

### Lågare kostnader og meir effektiv behandling

Vi trur ikkje at nokon av advokatane som har saker i Bergen tingrett framleis nyttar analog skrivemaskin med «kulehovud og rettetast» når dei skriv prosesskriv. Dette skulle difor ikkje føre til verken ekstra kostnader eller arbeid for advokatane og klientane deira. Vi trur også at svært mange av bevisa i dei sivile tvistesakene allereie er digitaliserte og i praksis blir sende på e-post frå klientane til prosessfullmektigen. Difor bør heller ikkje ei vidaresending av desse bevisa via Aktørportalen vere noko som driv opp kostnadane for det rettssøkande publikummet.

At prosesskriv og vedlegg finst digitalt, gjer at tingretten med eit «trykk» i saksbehandlingssystemet vårt – Lovisa – kan lage komplette digitale saksmapper med bokmerke og høve til søk med fritekst, og som enkelt kan delast med alle aktørane og partane i saka. Retten må difor langt sjeldnare enn før pålegge advokatane å lage faktiske utdrag etter at sluttinnlegga er kome inn.

Digitale saksmapper gjev mykje enklare og raskare tilgang til bevisa, og vil føre til meir effektiv behandling av sakene i retten. I alle fall så lenge datasistema er tilgjengelege og alle aktørane har naudsynt IT-utstyr.

### Betre utstyr endeleg på plass

I lang tid har domstolane hange etter på utstyrssfronten, men i 2018 har alle dommarane endeleg fått berbare datamaskiner, og alle rettssalane er utstyrt med fire skjermer på dommarbordet. Dette vil gjere det mogeleg for dommarane å gjennomføre rettsmøte utan bruk av papir, også på synfaring og utanfor faste rettssalar, samt å kunne dele digitale dokumentutdrag med meddommarane i rettssalane. Vi har også fått utstyr til å oppgradere ytterlegare to rettssalar til fullt «digitalt aktorat», noko som medfører at mange fleire av dei store straffesakene vi gjennomfører, kan handterast utan bruk av papirdokument.

### Forventar framleis utvikling og store endringar

Vi forventar at utviklinga held fram, at fleire saksområde blir omfatta av dei nye digitale løysingane, og at løysingane snart blir tilgjengelege for sjølvprosederande partar. Dette krev endringar både i regelverket og systema.



Advokat Sølvi Tangen Nyvoll er partner i StieglerWKS Advokatfirma AS.  
Foto: Advokatfirmaet Kyrre ANS

Både dommarar og saksbehandlarar i Bergen tingrett deltek i det nasjonale prosjektet «Digitale domstolar» som arbeider med dette temaet, og det er viktig for oss å bidra til å utvikle dei løysingane som domstolane skal nytte i åra framover.

Både tingretten og aktørane må innretta seg på overgangsordningar, som ein kanskje ikkje alltid vil oppleve som optimale. Vi føreset likevel at vi saman skal kunne effektivisere arbeidsmåtane og sikre gode løysingar for både tingretten, aktørane og det rettssøkjande publikum. Framtida er no, og vi trur den blir meir og meir spanande.

#### **AKTØRPORTALEN I EIT ADVOKATPERSPEKTIV**

Bergen tingrett har vore på Aktørportalen sidan februar 2017, og i september 2018 blei det obligatorisk for alle advokatar og advokatfullmektigar å nytte portalen. Advokat Sølvi Tangen Nyvoll er partner i StieglerWKS Advokatfirma AS, og svarar på spørsmål om sine erfaringar med Aktørportalen.

##### **1. Kor lenge har du nytta Aktørportalen?**

Eg har nytta Aktørportalen sidan starten i februar/mars 2017.

##### **2. Kva var årsaka til at du gjekk tidleg på?**

Eg har venta lenge på at det skulle skje ei digitalisering av domstolane. Og eg var spent på korleis denne digitale plattforma ville fungere i praksis.

##### **3. Har erfaringa di med Aktørportalen endra seg frå du starta til i dag?**

Eg er generelt veldig positiv til Aktørportalen. Det har likevel vore nokre utfordringar med innlogging, innsending og nedlastingar, særleg etter oppdateringar. Men alle oppdateringar har generelt vore til det betre. Det er bra at Aktørportalen etter kvart har fått fleire nyttige funksjonar.

##### **4. Korleis meiner du Aktørportalen kan bidra til å forenkle rettsprosessen?**

Aktørportalen bidreg til at det er enklare å arbeide elektronisk også når ein samhandlar med domstolane. Advokatane slepp å handtere store papirmengder og sparar mykje tid og kostnader på arbeidet med kopiering og sortering, samt på post og transport. I Aktørportalen kan ein laste opp mange dokument samstundes, noko som er ein stor fordel i saker med store mengder dokument. Det er også ein stor føremoen med rask og sikker innsending via Aktørportalen, og advokaten slepp å ure seg for postgangen. Aktørportalen gjer også kvar dagen meir fleksibel ved at ein har tilgang alle tider på døgnet og kan arbeide uavhengig av kvar ein oppheld seg.

##### **5. Korleis meiner du Aktørportalen kan bidra til å forbetre rettsprosessen?**

Aktørportalen bidreg til raskare rettsprosessar, og den forenklar og effektiviserer kommunikasjonen med retten og mellom prosessfullmektigane. Vidare bidreg Aktørportalen til at ein kan gjennomføre digitale hovudforhandlingar. Det er ein stor føremoen at retten lagar ei PDF-fil med digitale saksdokument med sidetal, og

*Cathrine Lemme, saksbehandlar  
og brukarstøtte på Aktørportalen.  
Foto: Lars Svenkerud*



at prosessfullmektigane må vise til det aktuelle sidetalet i fila under hovudforhandlinga samstundes som ho er tilgjengeleg for alle på skjerm. Dette effektiviserer rettsmøtet, særleg i saker med stor mengde saks-dokument.

**6. Er det noko særskild du saknar eller meiner kan forbetraast med Aktørportalen?**

Dersom retten også laga bokmerke i dei faktiske utdraga, ville det forenkle og effektivisere prosessen. Eg saknar også ein skjerm som prosessfullmektigane kan nytte til eigne dokument, noko som ville vere særleg nyttig i store saker med omfattande dokumentasjon. I dei større sakene blir skjermen på dei berbare pc-ane for små.

**7. Bør Aktørportalen nyttast til fleire saker / fleire aktørar?**

Aktørportalen bør så snart som mogeleg kunne nyttast i saker om arrest og mellombels åtgjerd, sidan dette er saker som hastar og der det er svært tungvint at ein må nytte postgang eller leverere direkte til retten i opningstida. Elles bør Aktørportalen etter mi mening også utvidast til å gjelde konkurs-, tvangssal- og skiftesaker. Generelt bør all kommunikasjon med retten skje ved bruk av Aktørportalen eller anna elektronisk plattform. Når det gjeld straffesaker og tilknytte saker/aktørar, har eg inga erfaring med dette og difor inga kvalifisert meining om Aktørportalen er hensiktsmessig eller ikkje.

## LÆRERIK ERFARING SOM BRUKARSTØTTE PÅ AKTØRPORTALEN

Sommaren 2017 lyste Domstoladministrasjonen ut to halve stillingar som brukarstøtte på Aktørportalen. Saksbehandlar Cathrine Lemme i Bergen tingrett søkte og fekk den eine stillinga, og kan fortelle om ei heilt ny stilling som i stor grad måtte defineraast underveis, med ein bratt og spanande læringskurve.

Då det blei bestemt at alle tingrettane og Högsterett skulle verte kopla på Aktørportalen i 2018 blei det behov for å utvide brukarstøttefunksjonen og stillinga blei utvida til 100 % fram til sommaren 2019.

Sommaren 2018 blei brukarstøtta for Aktørportalen og domstolane sitt saksbehandlingssystem «Lovisa» slått saman til ei fagleg brukarstøtte. I alt er det no ni personar frå ulike domstolar som sit spreidde over heile landet, frå Alta i nord til Kristiansand i sør. Brukarstøttene har ulike «særrområde»; tre er ekspertar på saksbehandlingssystemet Lovisa, to arbeider med jordskifte, ein med salærøppgåver og rekneskap, og tre svarar i hovudsak på spørsmål om Aktørportalen.

Arbeidsdagen er travel og går ut på å svare på førespurnader som kjem via telefon eller skriftleg (elektronisk). Hovuddelen av arbeidet inneber rettleiing både av tilsette i domstolane og advokatar.



Kompetanseutvalet i Bergen tingrett, frå venstre: kompetanserådgjevar Randi Holmås, fungerande direktør Anette Johansen, avdelingsdommar Kjetil Myhrvold, sorenskrivar Arne Henriksen, tingrettsdommar Katrine Lillejord, dommarfullmektig Anniken Bergstrand. Saksbehandlar Torunn Skare var ikkje til stades då biletet blei tatt. Foto: Lars Svenkerud

I forkant av kvar nye versjon av Aktørportalen og Lovisa arbeider alle brukarstøttene mykje med testing. Dette er eit tidkrevjande og omstendeleig arbeid, men det sikrar best mogeleg resultat når oppdateringane blir lanserte. Arbeidet som brukarstøtte er svært spanande, aldri keisamt og krev kvar dag at dei små grå må skjerpast samstundes som kreativiteten stadig må takast i bruk for å løyse alle de små og store utfordringane særleg advokatane kan kome med.

#### **SATSINGA PÅ KOMPETANSEUTVIKLING I BERGEN TINGRETT HELD FRAM**

Eit av måla til Bergen tingrett er å vere eit kraftsenter og at tingretten sine avgjersler skal vere av høg fagleg kvalitet. Den viktigaste ressursen vi har for å nå dette målet er medarbeidarane, og nettopp derfor er kompetanseutvikling eit høgt prioritert område hjå oss.

I løpet av 2018 har vi retta mykje merksemd mot digitalisering og nye arbeidsmåtar som følgjer med, samt oppdatering av faglege rutinar. Gjennom ein rekke fastsette fagdagar har vi arrangert ulike kompetansetiltak for å bli endå betre rusta til å handtera samfunnsoppdraget vårt. Konkret kan vi nemne mellom anna:


- Innhald og oppbygging av gode dommar
- Domskonferansen i straffesaker

- Konfliktfylt foreldresamarbeid
- Nynorskurs
- Konkurs- og skiftesaker og digitale dødsfallsmeldingar

I september hadde tingretten eit internt fellesseminar i Haugesund med god deltaking. Gjennom to dagar hadde vi foredrag om utfordringar i saker i domstolane knytt til personar med framandkulturell bakgrunn og foredrag om korleis relasjonane våre påverkar om vi oppnår dei måla vi set oss eller ikkje. Dette var innslag frå to eksterne føredragshaldarar som gav rom for gode dialogar og refleksjonar i etterkant.

Vi hadde også kortare bolkar om tema som sikkerheitskultur og kriseleiing, GDPR, arbeidet med rehabilitering av Bergen tinghus og status for verksemdsplanen vår for 2018. Vi var vidare så heldige å få vitja Haugaland tingrett. Dette var både morosamt og nyttig.

I tillegg til våre interne kompetansetiltak, arrangerer Domstolsadministrasjonen fleire ulike kurs for tilsette i domstolane. Her har medarbeidarar frå Bergen tingrett delteke på mellom anna introduksjonsprogram for nye dommarar, introduksjonsprogram for nye dommarfullmektigar, dommarseminar, modulbasert program i tvistesaker for saksbehandlarar og program i leiing av utviklings- og forbettingsarbeid (LUF), for å nemna nokre.



Noko av det siste vi gjorde i 2018 var å etablera eit kompetanseutval for tingretten. Vi har som mål at dette skal gjere kompetanseutviklinga vår endå meir tilpassa og målretta framover!

#### KREVJANDE STRAFFESAK I OMFANG OG INNHOLD

I slutten av september 2018 starta årets lengste straffesak i Bergen tingrett. Dette var ei spesiell og krevjande sak, der ein mann var tiltalt for svært mange seksuelle overgrep mot born ved hjelp av internett og kontaktar på Filippinene. Den tiltala skal ha gjeve instruksar der han bad andre om å utføre overgrep, og deretter fått såkalla «live-streaming» av dei påståtte overgrepene. Tiltalen gjaldt også ei rekke forsøk på overgrep, menneskehandel og innehaving av ulovleg overgrepsmateriale.

Retten var sett med ein fagdommar, to meddommarar og ein varameddommar. Etter elleve veker med i alt 36 rettsdagar, blei hovudforhandlinga avslutta i slutten av november 2018.

Sjølv behandlinga av saka gjekk i hovudsak føre seg digitalt: Saka hadde ei omfattande mengde dokumentasjon og bevisføring, og nærmare 6 500 sider med PDF-filer utgjorde dokumentasjonen i saka. Ein god del av desse blei presenterte på skjerm for retten og aktørane i rettssalen.

Overgrepssaker mot born er særskilt krevjande å handtere,

både for fag- og meddommarar. Overgrepene blir ofte dokumenterte i form av lyd eller bilete, og vil ofte kunne gå sterkt inn på rettens medlemmer. Det at denne saka varte så lenge – nærmare 3 månader – gjorde ikkje dette enklare.

Undervegs i behandlinga av slike saker er det viktig å ivareta fag- og meddommarane slik at dei eventuelt kan få hjelp til å handtere krevjande inntrykk. Tingretten kan tilby samtalar og debriefing for både fag- og meddommarar via bedriftshelsestesta.

Det er venta dom i saka eit stykke ut i 2019. Ei eventuell ankesak er førehandstdifesta ved Gulatings lagmannsrett.

#### BARN I MØTE MED DOMSTOLANE - OPPFØLGING AV SAKER SOM INVOLVERER BARN I BERGEN TINGRETT

*Grunnlova § 104 andre ledd og Barnekonvensjonen artikkel 3 frå Dei Sameinte Nasjonane slår fast at det skal takast grunnleggande omsyn til barnets beste i alle avgjersler som omfattar barn. Dette er saker etter barnelova, foreldretvistsaker, straffesaker der barn møter som tiltalt eller krenka og saker der barn møter som vitne i retten.*

Barneperspektivet, og då særleg barnet sin rett til å verte høyrd, har blitt meir vektlagd dei seinaste åra. Utviklinga syner at barn i aukande grad ynskjer å få snakke direkte med dommarane – dei som bestemmer – i saka. Dei fleste av dommarane i Bergen tingrett har hatt samtaler med barn i løpet av 2018. Tingretten har også lagt særskild vekt

*Foto: Lars Svenkerud*



på best mogeleg å legge til rette for at slike barnesamtalar. Våren 2018 blei det innreia eit eige rom for barnesamtalen, med eitt tilstøytande rom for dei som følgjer barnet til tingretten.

#### **Auka kompetanse blant dommarane**

Dommarane i Bergen har i 2018 også delteke på relevante kompetansetiltak om barn i retten. Det har vore fleire regionale og nasjonale seminar, der mellom anna barnesamtalen har vore tema. Informasjon frå slike seminar blir delt med alle dommarane i tingretten og har vore diskutert på fagmøter. Som eit særskild kompetansetiltak har også nokre dommarar vore observatørar i Fylkesnemnda i saker som blir behandla etter såkalla samtaleprosess. Dette er ein saksbehandlingsform der leiaren i nemnda inviterer partane til samtalar for å freiste å få partane til å bli einige om ei løysing til barnets beste.

#### **Styrka samarbeid med eksterne og erfarings-utveksling med barn**

Eit anna satsingsområde for Bergen tingrett i 2018 har vore å styrke samarbeidet mellom familievernkontora og Bufetat. Det er no etablert eit fast møte i halvåret mellom Bergen tingrett, Bergen og omland familievernkontor, Bjørgvin familievernkontor og Bufetat i Bergen.

Familievernkontora har også vore i Bergen tingrett ved to høve i 2018 og halde foredrag for dommarane på fagdagar. I 2019 er det avtalt at Bergen tingrett skal halde foredrag

for familievernkontora om behandlinga i foreldretvistsaker i tingretten.

Fungerande fagansvarleg dommar for saker som involverer barn har i 2018 delteke i ei tværfagleg arbeidsgruppe nedsett av Domstoladministrasjonen om «Domstols-behandling til barnets beste». Utgangspunktet for arbeidet har vore barn og unge sine erfaringar med domstolane, formidla gjennom Barnevernsproffene. Prosjektet har halde på i heile 2018 og skal resultere i praktiske tilrådingar som tek vare på barna sine rettar i dei ulike sakstypane.



Foto: Lars Svenkerud

## SATSAR PÅ SYSTEMATISK FORBETRINGS- OG ENDRINGSARBEID

*Leiing av utviklings- og forbettingsprosessar (LUF) er eit kompetanseutviklingsprogram for leiurar i domstolane. LUF tek utgangspunkt i «Domstolane 2025» som er felles utvikla mål med strategiar for korleis domstolane skal nå dei.*

LUF skal lære leiurar i domstolane å arbeide målretta og systematisk med forbettings- og utviklingsarbeid i eiga verksemد. LUF starta som eit pilotprosjekt i 2017. Våren 2018 starta vi, Heidi Taranger, Karstein Rye og Arne Langeland frå den utvida leiargruppa i Bergen tingrett, på det andre LUF-kullet. Programmet var delt opp i tre modular, med samlingar i april, juni og august på Gardermoen.

Ein spanande – og krevjande – del av opplæringa var å setje i verk ein utviklings- og forbettingsprosess. Etter ei tid i tenkjeboksen, kom vi fram til at vi ville starte prosjektet «Korleis skal Bergen tingrett - før utgangen av juni 2019 - få til å avvikle meddomsrettssakene innan normert tid på 90 dagar?». Prosjektet vart presentert for resten av tingretten på eit allmøte i april 2018, og det blei halde fram at det var naudsynt å ta grep for å få ned sakshandsamingstida for desse sakene.

I etterkant av møtet blei det oppretta ei arbeidsgruppe som skulle kome med innspel om kva vi i leiinga kunne gjere for å nå målet om å behandle meddomsrettssakene

på den normerte tida på 90 dagar. Gruppa gav si tilråding 20. august 2018, og vi har sidan arbeidd vidare med dei gode innspela.

På samlingane i LUF-prosjektet var det forelesingar i plenum. Det var likevel slik at største delen av tida gjekk med til gruppearbeid. Vår gruppe var sett saman av tre deltakarar frå Gulating lagmannsrett i tillegg til oss tre frå Bergen tingrett. Det var dei same deltakarane som var med i gruppa gjennom alle tre modulane. Dette gjorde at vi fekk eit nært, godt og trygt forhold til kvarandre. Vi hadde mange gode diskusjonar med nyttige innspel frå engasjerte deltakarar.

Tilbakemeldingane frå deltakarane ved avslutninga av LUF-prosjektet var gode. «Dette er det beste seminaret eg har vore med på», kom det frå ein av deltakarane.

Dei tre frå Bergen tingrett som skal av garde til Gardermoen i 2019 har noko å gle seg til!

## ORGANISASJONSPLAN BERGEN TINGRETT



### ORGANISERINGA AV BERGEN TINGRETT

Budsjettet til domstolen i 2018 inneholder midler til 99 stillinger. Sørenskrivar leiar tingretten, som omfattar mellom anna 30 utnemnde tingrettsdommarar og 12 dommarfullmektigar, i tillegg til administrativt tilsette, saksbehandlarar, IKT-medarbeidrarar og sikkerheitsmedarbeidrarar.

Tingretten er organisert i fire dommaravdelingar, ei saksbehandlaravdeling med fem ulike seksjonar, ei administrasjonsavdeling og ei avdeling for sikkerheit og drift.

Det er tett samarbeid mellom dommaravdeling og «tilhøyrande» seksjon. To og to avdelingar og seksjonar har tilsvarende fagområde. Avdelingane og seksjonane 1 og 2 arbeider med sivile saker, straffesaker, dødsfall, skifte og gjeldssaker. Avdelingane og seksjonane 3 og 4 arbeider med sivile saker, straffesaker, tvangssal og konkurs.

Seksjonen for service og beramming arbeider med tillysing av alle straffesaker og gjennomføring av einedommarsaker. I tillegg handterer seksjonen sentralbord, ekspedisjon og notarialstadfestingar.

### ARBEIDET MED Å REHABILITERE BERGEN TINGHUS ER I STARTFASEN


I minst 20 år har Bergen tinghus vore modent for rehabilitering og arbeidet med å planlegge dette har gått føre seg lenge.

Vi er framleis i planleggingsfasen, men opplever no stor politisk vilje frå Storting og regjering til å få gjennomført rehabiliteringa.

I 2017 fatta regjeringa vedtak om at Bergen tinghus skal rehabiliterast. Samstundes løyva Stortinget seks millionar kroner til eit forprosjekt som starta i 2018.

Dersom alt går vår veg, kan vi verkeleg få detaljplanlagd bygget i løpet av 2019-2020. Det er eit omfattande og dyrt prosjekt, så sjølv ombygginga vil raskt ta minst to år. I den tida må Bergen tingrett ut av tinghuset og leige andre lokale, både til rettsmøte og kontor for dei tilsette.

Framleis er det mange lause trådar. Vi er likevel optimistiske og ventar at vi i slutten av 2024, seinast i januar 2026, kan flytte inn i flotte og «nye» lokale. Publikum, aktørar og andre som kjem på det «nye» tinghuset vil då finne gode lokale som møter alle krav til tryggleik, verdigheit og godt arbeidsmiljø. Sjå også illustrasjonsbilete på neste side.



Forslag til nytt inngangsparti etter rehabiliteringa. Fotoillustrasjon: 4B ARKITEKTER

## BERGEN TINGHUS OG FASADEN

Bergen tinghus blei innvigd i 1933 og er teikna av arkitekt Egil Reimers. Det tok fire og eit halvt år å bygge huset, som hadde ein samla kostnad på 2,3 millionar kroner. Reimers teikna også inventaret til tinghuset. Mykje av dette inventaret har gått tapt, men framleis har vi åtte rettssalar som er innreia av arkitekten. Ein del kontormøblar og sittebenkar i hallen og nokre av korridorane finst også framleis.

Ved opninga av tinghuset, blei stilens skildra som inspirert av «italiens renaissance». Hovudinngangen med søylene og dei store bogevindauga blei sagt å ha ein «noget gotiserende karakter».

Opphaveleg husa bygget fleire statlege samfunns-institusjonar. I løpet av åra har dei fleste flytta ut grunna plassmangel. Etter at Gulating lagmannsrett flytta ut i august 2011, er det no berre Bergen tingrett som er att i bygget.

## Søylene

Dei tre meter høge mannsfigurane ved trappene opp til hovudinngangen er laga av bilethoggarane Stinius Frederiksen og Nic. Schiøll. Figurane symboliserer dei fire kardinaldydane:

- Klokskap – med slange og bok
- Rettferd – med sverd og vekt
- Måtehald – med krukke og drikkekar
- Kraft – med broten søyle


Fire grifar tronar over søylene og symboliserer at vonde makter skal jagast vekk frå rettsbygningen.




Foto: Lars Svenkerud

## STRAFFESAVER


### EIENDOMMARSAKER – ALLE



### EIENEDOMMARSAKER – FENGSLINGAR




### MEDDOMSRETTSAKER




## SIVILE TVISTAR


### TVISTESAKER – ALLE




### TVISTESAKER – ALMENNPROSESS




### TVISTESAKER – SMÅKRAVPROSESS




## SKJØNN




## RETTSMEKLING




## KONKURS




## TVANGSFULLFØRING




## GJELDSORDNING



## OFFENTLEG SKIFTE AV FELLESBU





## BERGEN TINGRETT

Tinghuset, Tårnsplass 2  
Postboks 7412, 5020 Bergen  
Tlf. 55 69 97 00  
[bergen.tingrett@domstol.no](mailto:bergen.tingrett@domstol.no)